



Statens vegvesen

Apalen Sør AS og Hjelmåsen AS

Magnar Tangen

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region vest	Tor S Høyland / 55516266	16/41739-3		11.08.2016

Svar på spørsmål om trafikkisikring av fv. 391 på strekninga mellom Apalen og Hillesvågen i samband med bustadutbygging på Apalen Sør og Hjelmåsen

Vi viser til brev av 15 mars 2016.

I brevet foreslår de ei forenkla løysing for å trafikkisikra Fv 391 mellom Apalen og Hillesvåg. Dette er ein strekning på rundt 600 m. Forslaget er i korte trekk å bygga eit fortau med breidde ned mot 1,2 m på ca 400 m av strekninga, sprengja vekk ein knaus på eit uoversikteleg punkt, samt å etablera fartshumpar. Total kostnad er stipulert til kr 1,65 mill. Vidare foreslår de at Statens vegvesen tar kostnadene med prosjektering og utarbeiding av anbodsmateriell.

Kravet om gang- og sykkelveg er eit rekkefølgekrav som er satt i reguleringsplanen. Statens vegvesen har ikkje mynde til å dispensera frå det kravet. Lindås kommune er her rette instans. I den samanheng skal Statens vegvesen gje uttale.

Når det gjeld det konkrete forslaget om forenkla løysning, vil vi frarå å bygga eit fortau med breidde ned mot 1,2 m. For at fortauet skal vera funksjonelt for brukarane og for at vi skal kunna vedlikahalda fortauet, må det ha ei minimumsbreidde på 2,0 m. Fortauet må også byggast på heile strekninga (fram til krysset med Kleivdalsvegen). Det er Hordaland fylkeskommune som er vegeigar og dekking av kostander til prosjektering og utarbeiding av anbodsmateriell må i tilfelle avklarast med dei. I utgangspunktet er det ikkje satt av slike midlar i 2016.

Plan og forvaltning, Bergen

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tor S Høyland

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ